

Sak 15.2 Uttale fra OBU: Medvitne val i butikkhylle og ved kjøkkenbordet

Bakgrunn for saken

Det er vanlig at vertsfylket for Norges Bygdeungdomslags årsmøte og Landsstevne sender inn en uttale til årsmøtet.

Medvitne val i butikkhylle og ved kjøkkenbordet

Mat har vorte eit omstridt tema, og er stadig tema for debatt. Helst skal maten være norsk, kortreist og lokal, for ikkje å gløyme det "viktigaste"; billig – kanskje ikkje ein realistisk kombinasjon? På den eine sida har forbrukarane vorte stadig meir opptekne av opphavet til maten. Lokalmatprodusentar etablerer seg som perler på ei snor, Tine fortel historier frå mjølkeproduksjon og Nortura sel Hallingskarvet-lam og grasfôra biff. Men er dette maten vi et mest av? Ynskjer vi å betale for kvaliteten i kvardagen? Den gjengse nordmann har aldri brukt mindre av inntekta si på mat, og høgtidsmåltidet juleribbe kan ein få kjøpt til den nette sum av 29,90 per kg. Norges Bygdeungdomslag meiner at det er på tide at fleire gjer medvitne val når det gjeld mat, både i butikken og ved kjøkkenbordet!

I utgangspunktet burde alle velje norsk så langt det er råd. Men kvifor meiner vi at dette er så viktig? Rike Noreg kan jo berre importere? Så enkelt er det ikkje. Kva med den dagen andre land stenger grensene? Norsk matproduksjon syrgjer for matsikkerheit. Det at norsk matproduksjon syrgjer for mat i framtida og i krisetider burde være eit argument i seg sjølv for å velje norsk. Men ved å velje norsk syrgjer ein også for så mykje meir! Levande kulturlandskap, god ressursnyting, ei enorm verdiskaping og nærare 100 000 arbeidsplassar frå nord til sør. Alt dette kan ein bidra til ved å velje laurdagsbiff frå Namsos istadenfor frå Namibia neste gong, nokså enkelt! Dersom ein treng nok eit argument; ved å velje norsk vel ein også rein og trygg mat. I Noreg treng ein ikkje å frykte salmonella i blautkokte egg eller bakteriar resistente mot antibiotika i laurdagsbiffen frå Namsos, det er inga sjølvfølge lenger sør i Europa. Norske bønder produserer "kanskje verdas venaste mat", det meiner vi er verdt å verdsette!

Forbrukaransvar ved kjøkkenbordet er alfa og omega, men det er også mangfaldet i butikkhyllene, og her er det kjedene som bestemmer. "Dei tre store" (Coop, Norgesgruppen og Reitangruppen) har stor innverknad på kva mat vi kjøper kvar einaste dag, og ein kan stundom lure på om dei oppmodar til medvitne val. Er det enkelt å velje norsk laurdagsbiff når den frå Namibia kostar det halve og ligg fremst i disken? Kan ein være sikker på å velje norsk når kjøttdeig-pakkene ligg hulter til bulter og ein må finlese det med liten skrift for å finne ut om opphavsland er Nederland eller Noreg?

Bygdeungdommen prisar "Nyt Noreg"-merket for alt det er verdt, men ein ser diverre alt for ofte døme på manglande info og merking. Kjedene styrer også i større grad prosessane frå jord til bord ved å føre sine egne merkevare, såkalla EMV. Desse står i skarp konkurranse til trygge, gode og norske Gilde og Prior, og når det gjeld EMV må ein verkeleg halde tunga rett i munnen for å velje norsk. Når forbrukarane må ha lesebrillene på for å velje rett har kanskje kjedemakta gått for langt?

Ved å velje norsk vel ein kvalitet og får levande bygder "på kjøpet" attpåtil! Heilt klart ein real bonus. Når kjedene gjer det komplisert å gjere gode val, kan vel forbrukarane nytte si forbrukarmakt? Heilt innafor å krevje norsk mat, ordentleg merking og god info om maten – det har ein vel betalt for? Norges Bygdeungdomslag oppmodar til medvitne val ved kjøkkenbordet og i butikkhylla! Vi verdsett bonden, norsk mat og levande bygder, i dag og i framtida.